

Aktivitetsplan 2011 og 2012

Dato	Arrangement	Komite
21.- 23. jan.	Øvingshelg	Styret
4.- 6. febr.	Øvingshelg	Styret
10.- 13. febr.	NM-helg	Styret
2. april	Vårkonsert	Harald, John, Erling, Reidun og Asbjørn.
17. mai	Nasjonaldagen	Styret
11. juni	Måløy speling	Styret
19.- 21. aug.	Turhelg/Øvings	Styret
8.- 10. juni 2012	Stormfestival	Styret

Juletreffest på gamlemåten

Fredag 14. januar arrangerte prosjektgruppa for Gravdal juletreffest i Gravdal i Torskangerpoll.

Rundt 30 møtte opp på juletreffesten der det meste var på gamlemåten. Sang, litt underholdning, mat og gang rundt juletreet stod på menyen. Her er glimt som Johan har teke frå festen.



BÅTBYGG   **Kvalheim Kraft**  **Nordea**

	5		2	3	9	7	1	8
2				5	4	6	9	3
		7	1		6	5		
	7		8	9	2		6	4
1		4	3	7	5	8		9
9	2		6	4	1		5	
		2	4		8	9		
8	1	9	5	2				6
7	4	5	9	6	3		8	

**S
u
d
o
k
u**

		3	8	4	9	1			
9	5	2	7	8			3	4	
4	1	6		5	2	9			
					3	5		6	4
6	4	3	8	1	7	2	9	5	
8	2		9	6					
		4	1	2			5	7	8
	9	1		7	8	4	3	6	
			6	4	3	1	2		

Vredens Gnag



Informasjonsavis for Torskangerpoll Musikklag

Dr. 1

18. årgang

Laussal: Gratis

Januar 2011

O jul med din glede



Tysdag 28. desember klokka 17 var det igjen klart for vår tradisjonelle juletreffest i Vågsvåg.

I år hadde vi valgt å arrangere denne utan åndeleg hjelp frå Frelsesarmèen. Komitèen starta tillaginga allereie kvelden før av bord, stolar og pynting av juletre. Påsmøring av julebrødiskiver vart gjennomført ein time før festen starta med Sondre som ansvarleg. Litt før klokka 17 begynte folk å komme. Bygdefolk i alle aldrar

og fasongar kom strøymande til, og det gjekk ikkje lenge før alle borda var fylt opp. John Inge hadde laga ein heimedikta song med melodien "musevisa", der han song kva som skulle skje utover kvelden.

Etter åpningsongen var det tid for korpset si avdeling. Lisbeth var fråverande og Harald hadde steppa inn som vikar. Les meir på side 3....

www.torskangerpoll.no

Lake of the Moon heiter årets NM stykke som TPM skal spele

Stykket er skriva med inspirasjon i historia til det Azekiske folket av komponisten Kevin Houben (www.dehaske.com). Det vil bli høve å komme å høyre stykket for dei som vil siste øvingshelga før NM, søndag 6. februar kl 14.30 på Skavøypoll skule.

Medlemsskap i TPM 2011

Vi har no meldt inn til NMF lista for dei som er TPM sine medlemmer 2011. Rekninga skal betalast NMF ca 20. januar. Korpset forskotterer for medlemmane fram til TPM-årsmøtet i vår der den endelege kontingenten blir fastsett. Medlemsskapet per januar i TPM gjeld altså for heile 2011 sjølv om kontingentrekninga kjem fyrst eit par månader seinare.

Stell pent med notestativa så var-er dei lenge. Her er tre tips: Skru laus alle skruer før opp- / nedslåing - Ikkje teit skruane for hardt så du øydelegg gjengane - merk stativa.

Vatnet frose i Gravdal

Så skjedde det som skjer kvar vinter at vatnet i Gravdal fraus. Tining måtte til og jammen fekk prosjektgruppa vatnet til å renne.

Fem spørsmål på eit minutt:

Navn: Sondre Nerland
Kva er ditt favoritt TV-program?

- *Toppgear*

Kva drøymde du om å bli når du var heilt liten?

- *Lege.*

Korleis skal eit godt måltid vere?

- *Heimelaga med god smak og gjerne litt sunt.*

Kva type musikk likar du best å spele i TPM?

- *Konkurransestykker og marsjar.*

Kva kan gjere Vågsøy til ei betre kommune?

- *Bedre kommuneøkonomi for å få oppgradert bygg og vegar.*



Frå Ivar's dirigenthistorikk:

I 1949 sluttet Isak Torskangerpoll i laget og hans sønn Arne Torskangerpoll tok over det musikalske ansvar, de første årene som spillende dirigent. Harald Oppedal var dirigent mens Arne var 18 måneder i det militære i 1952-53. Men da Arne var ferdig i militære overtok han igjen, da som ren dirigent. Og det var han helt til 31/12 1998, pluss at han instruerte og dirigerte fram mot avskjedskonserten hans den 24/4 1999.

Fortsettelse frå side 1:

...Vi starta med "Det hev ei rose sprunge" der vi tok på sparket Harald sine instruksjonar. Neste stykke var Julesang med solist Terje, etterfulgt av Glade Jul med solistar John Inge og Ola og Deilig er Jorden som avslutning.

No var det tid for kaffi, kaker og julebrødsriver. I tillegg hadde vi valgt å ha eit lotteri for å dekkje inn utgiftene til festen. Hjertelodda til Frelsesarmeen var ikkje tilgjengelege så vi hadde funnet fram nokre gamle treårar som Hans Wåge hadde laga i si tid. Så kom nissen med pakkar til borna. Han såg litt pjusken ut i år, skulle tru han ikkje hadde fått mat i år. Vi slutta av matøkta med å trekkje på årane. No var det tid for kveldens høgdepunkt, gang rundt juletreet. Asbjørn hadde for anledninga fått laga og



trykt opp nye hefter med alle dei kjende og kjære julesongane. Terje hadde tatt med seg "rukka" si (trekkspellet altså), medan Johan og Asbjørn stod på kvar si side og var forsangarar. Vi song alle dei kjende songane og gjekk rundt trøet ei god stund. Fold det gamle merkje var også med på repertoiret. Etter gang rundt trøet velsigna Johan oss med nokre gode ord før alle gjekk ut døra og heim. Dette vart ein fin fest som vi håpar vil fobli i mange juler framover.

Nytt trekkspel- og sekkepipeorkester imponerte stort

Takk til komiteen som laga til flott årsfest for oss med særst god heimelagamat. Opninga var stemningsfull og heilt proff. Det var og fleire andre flotte innslag. Til og med dessert, kaffi og kaker.

Vi fekk og m.a lære korleis ordet dessverre skrivast. Komiteen som ærast bør var: Tove, Terje N, Ingunn, Erling og Tor Åge.

Torskangerpolldamene prøvde på årsfesten så vidt sekkepipene og utstyret som vart kjøpt på Edinburgturen. Det var eit rørende innslag. No er det berre for karane å manne seg opp til det same. Terje og Roar Ståle ligg allereide i hardtrenoing.

